

## Innkalling og referat – FAU-møte ved Klepp ungdomsskule

**Dato og tid for møte: 23.10.23**

**Rom: Møterom Varden**

**Møtte:**

Klasse	FAU-representant	Kryss av	Vararepresentant	Kryss av
8a	Rose Linda Pedersen (2 år)	X		
8b	Hilde Grude (2 år)	X		
8c	Arild Vik (1 år)	X		
8d	Pål Pollestad (1 år)	X		
9a	Rita Butterworth			
9b	Hanne Bloch Valebjørg	X		
9c	Magrete Torland	X		
9d	Ola Sotnakk	X		
10a	Helene Grude			
10b	Linda Øvrebø	X		
10c	Geir Erik Ellefsen	X		
10d	Martin Hove			

**Fråvere: Rita Butterworth, Helene Grude og Martin Hove**

**I tillegg var SLT-koordinator Cato Wallin (SLT- samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak) og skulen sin Mette Stangeland (avd. leiar og SLT-kontakt) og rektor til stades.**

23/24-5	<i>FAU si rolle i problema med kriminalitet ved skulen</i>
<b>Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Cato er invitert. Innleiing ved leiar, med ref. til anonymt brev som vart opplese sist møte.</li><li>- Cato orienterer om SLT, og dei ulike aktørane.</li><li>- Cato brukar ein modell med tre sirklar som illustrasjon. Det er ganske få i den innerste sirkelen (1) som begår dei fleste lovbrota. Sirkelen i midten (2) har vakse, og alderen har gått ned; dette uroar. Den ytre sirkelen (3) er «dei andre»; dei som held seg utanfor. Sirkel 1 og 2 er ein redd blir tettare – det kan òg føre til meir utanforskap.</li><li>- Enkelte i sirkel 3 har likevel vorte utsette for trugslar og valdshendingar og er redde for å «snitche».</li><li>- Det er tilfelle av ungdom som rusar seg etter skuleslutt til dei skal heim om kvelden.</li><li>- Vald gjeld mest gutar. Kjøp av stoff gjeld både jenter og gutar.</li><li>- Det er òg tilfelle av ran av eigedelar og andre ting, og utpressing.</li></ul>	

- Noko av det ungdomane driv med er knytt til framtidig russetid og ynskje om å få vere med i ei gruppe.
- Ungdomsskuleelevar har òg truga 7. klasseelevar ved Kleppe skule som hadde sagt eller sett noko dei ikkje skulle ha sagt eller sett.
- Mange foreldre er ikkje klar over problemstillinga.
- Det er viktig at foreldra snakkar med ungane. Kriminelle forhold må meldast til politiet.
- Skulen si erfaring er at saker som blir meld til Politiet blir løyst.
- Me må syte for tryggleik rundt ungane dersom ein blir truga med represaliar ved å melde til politiet.
- SLT jobbar med å kople på fleire vaksne. Jærhagen har gjort tiltak ved å tilkalle vektarar ved uønskte situasjonar.
- SLT tilbyr rettleiing.
- FAU har ansvar for natteramnar. SLT set opp lister og mottok rapportane, men SLT får svært få rapportar. Det blir levert inn mindre enn halvparten av rapportane. Dette bør bli betre.
- Vaksne natteramnar forstyrrar miljøet og bidreg positivt for å hindre ungdomen i gjere ting dei ikkje bør.
- Utfordring med natteramnordninga er at dei berre går fredag og laurdag kveld.
- Ref. KFAU vil Kleppe skule ha natteramnar.
- Ønske om ein kontaktperson som foreldra lett kan få tak i, t.d. slt-koordinator.
- Det blir etterlyst ei uttale frå FAU som kan presenterast for klassane.

**Kva blei bestemt:**

- Skulen og FAU i samarbeid med SLT-koordinator lagar ei melding ut til foreldra med innkalling til foreldremøte med dette som sak.
- Sak vil vere situasjonen ved skulen og for ungdom i Klepp, og natteramnordninga.

**Kven tek ansvar:**

- Leiar og rektor i samarbeid med SLT-koordinator.

23/24-6 | Nyttårsball

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Nyttårsball vart arrangert i fjor. Det fungerte godt med mange vaksne og lukka lufttegardar, der ingen som gjekk ut fekk kome inn att. Svært gode erfaringar med måten dette vart gjennomført på, og mange gode tilbakemeldingar frå foreldrevakter. Mette og Vivian (sosiallærar) var med frå skulen.
- Korleis stiller elevrådet seg? Dei har dette på dagsorden på neste møte.

**Kva blei bestemt:**

- Må nedsetjast ein komité på 3 personar (som i fjor). Komité vart ikkje klar på dette møtet.

**Kven tek ansvar:**

- Leiar sender ut purring om det trengs for å få til komité.

23/24-7 | Referat frå KFAU

**Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:**

- Natteramnar, ungdomsmiljø og trygg trafikk. Klepp kommune er vorte ein «trafikksikker kommune».

- Natteramnar går no i tidsrommet 20-24. Natteramnar frå barneskulen er invitert til å gå på toppen.

**Kva blei bestemt:**

-

**Kven tek ansvar:**

<b>Neste møte</b>	<b><i>DATO og TID</i></b>
	Blei ikkje bestemt
<b>Oppsummering</b>	<b><i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i></b>